

Styremøte 12.11. 25

Stad: Naustet, Førde

Til stades: Asbjørn, Lars Petter, Ingvald, Marit, Judith

Sak 1: Aktivitetar i bassenget, Førdehuset

Øyvind har juniortrening annankvar måndag, får hjelp av div. foreldre.

Livredingskurs 20/10, 4 stk frå klubben deltok.

Familiepadling 4 gonger i løpet av haust/vinter/vår. Lite oppslutning til no. Neste datoar er 15/11, 14/2, 14/3.

Vi diskuterte om vi skal vi halde fram med bassengtrening når det er så liten oppslutning. Bør heller sette opp t.d. trening på rulle/anna trening med instruktørar og legge ut info om dette og bilder frå aktivitetane. Styret gjekk inn for dette.

Invitere Øyvind på neste styremøte, slik at han kan vere med å diskutere/informere om saker som gjeld juniorpadlinga.

Sak 2: Informasjon til medlemmene

Vi får ikkje opp varsel på klubben si Facebook-side på same måte som før. Diskuterte difor andre måtar å få ut informasjon. Forslag om å bruke *Innbyggerappen* for Sunnfjord kommune, registrerer klubben som arrangør. Styret gjekk inn for dette.

Sak 3: Dugnad i naustet

Fellesområda må ryddast og vaskast, kajakk-oppheng som ikkje fungerer må byttast ut. Polstring av oppheng med rørisolasjon. Lars handlar inn det vi treng.

Måndag 24.11.25 tek vi dugnad etter padletrimmen. Det blir annonsert på FB.

Sak 4: Evaluering av Bulandsturen

Økonomi: Sum utgifter ca 37 000, eigenandel for deltakarar 17 700, dvs ca 20 000 i utgifter for klubben.

Vi hadde ein fin tur, men aktivitetane burde vore bedre planlagt og vi burde hatt fleire turleiarar. Vi bør også vurdere å sette opp grupper for rydding og rigging på neste tur.

Satsar på ny tur neste år, same helg som før.

Sak 5: Rekruttering

Vi treng nye folk i styret. Marit vil ut av styret neste år, men kan tenke seg å fortsette å ta hand om rekneskapen.

Sak 6: Aktivitetar

Diskusjon om padletrim måndag og torsdagspadling. Er det rom for begge deler, eller kan det bli for mykje?

Skal vi fortsette å ha torsdagspadling på ulike stader? Det er mykje jobb med rigging og det tek lang tid. Bør vi evt satse på fleire laurdag/søndagsturar?

Tek opp denne diskusjonen seinare, evt saman med turleiarane.